



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med øye for framtida!

Innkalling : **HARDANGER UNGDOMSRÅDSMØTE**
Dato: Torsdag 03.11.2016
Stad: Kulturbanken i Granvin
Tid: 09.00 – 14.00

AGENDA:

- 09 00 Velkommen til Kulturbanken i Granvin
- 09 15 Hardanger Ungdomsråd sakshandsaming
- 11 00 Lunsj
- 12 00 Ugt Entreprenørskap i Hardanger v/ UE
- 12 45 Sakshandsaming HU fortset

INSPIRASJON: Ugt Entreprenørskap i Hardanger v/ Ida Maage Elstad

- | | |
|---------------------|--|
| HU-sak 14/16 | Informasjon om Hardanger Ungdomsråd |
| HU-sak 15/16 | Aktuelle saker for HU |
| HU-sak 16/16 | Oppsummering Aktivitetshelga 2016 – vege vidare |
| HU-sak 17/16 | Hardanger Ungdomsting 2016 – arbeid med innhald |
| HU-sak 18/16 | Orienteringssaker <ul style="list-style-type: none">• Ungdommens fylkesting• Aktiv ungdom - prosjekt |
| HU-sak 19/16 | Informasjon om arbeid frå den einskilde
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger. |

Forfall må meldast:

Hardangerrådet v/Trude Lægreid Rinaldo

tlf 53 67 14 50

mail: trude@hardangerraadet.no

Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Hardangerrådet / Kinsarvik 25.10.2016

Trude Lægreid Rinaldo
Konsulent Hardangerrådet

HU-sak 14/16 **Informasjon om Hardanger Ungdomsråd**
Vedlegg: Vedtekten til Hardanger Ungdomsråd
Møtebok frå rådsmøte 28.4.2016
Velkomen til nye Ungdomsrådsleiarar i Hardanger Ungdomsråd.
Me vil introdusera Hardanger Ungdomsråd og fortelja kven me er og kva me gjer?

HU-sak 15/16 **Aktuelle saker for HU**
Kva saker vil HU ta tak i framover?
Eksempel:
- Korleis vert skulane i Hardanger etter 2020?
- Er de fornøgde med tilgang til helsesøster på skulen dykkar?

HU-sak 16/16 **Oppsummering Aktivitetshelga 2016 – vege vidare**
- Oppsummering og tilbakemeldingar frå Aktivitetshelga 2016
- Aktivitetshelg 2017?

HU-sak 17/16 **Hardanger Ungdomsting 2016 – arbeid med innhald**
Vedlegg: Referat og oppslag om Hardanger Ungdomsting i 2015
Planlegga agenda og dato for Hardanger Ungdomsting 2016.
Her er nokre føringar gjevne på sist rådsmøte. Aktualiteten har gjerne endra seg litt, så me ser på det.

«HU-sak 11/16 **Hardanger Ungdomsting 2016**
*3. november 2016 skal det vera nytt Hardanger Ungdomsting i Kvam.
Kva tema det skal vera på dette tinget vart drøfta på møte 25.11.2015.*

Vedtak:
Tema på Hardanger Ungdomsting 3. november 2016 :
❖ Lære om møtestruktur/ Møteform
❖ Asylpolitikk»

HU-sak 18/16 **Orienteringssaker**

- Ungdommens fylkesting
- Aktiv ungdom – mogleg prosjektsamarbeid
- Hardanger.com
- HU på facebook

HU-sak 19/16 **Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**
Leiarane informerer frå sin kommune



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

MØTEBOK

Rådsmøte i Hardanger Ungdomsråd

Dato: Torsdag 28.4.2016

Stad: Biblioteket i Ulvik

Tid: 0900-1400

Til stades:

Ullensvang herad:

Ungdomsrådsleiar Vilde Lægreid

Ulvik herad:

Ungdomsrådsleiar Alma Thorbjørnsen

Kvam herad:

Ungdomsrådsleiar Magnus Torvik

Granvin herad:

Ungdomsrådsmedlem Jomar Holven

Ikkje til stades:

Eid fjord kommune:

Ungdomsrådsleiar Katrine Riber Garen

Odda kommune:

Ungdomsrådsleiar Sigrid Walle

Jondal kommune:

Ungdomsrådsleiar

Andre:

Ulvik herad:

Ingvild Winters

Aktivitetshelga 2016

Timo Knoch

Hardangerrådet:

Konsulent Trude Lægreid Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Til inspirasjon fekk Hardanger Ungdomsråd omvisning på Olav H. Hauge museet.

HU-sak 08/16

Uttale til Høyringsnotat om råd i kommune og fylkeskommune for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing

Eid fjord Ungdomsråd har kome med uttale der dei støttar Lovforslaget. Ulvik ungdomsråd støttar ikkje lovforstaget. Hardanger Ungdomsråd har vedteke å gje slik uttale:

Vedtak:

Hardanger Ungdomsråd gjev slik uttale:

Høyringsuttale - Hardanger Ungdomsråd 28.04.16

Eit samla Hardanger Ungdomsråd meiner at det er viktig at ungdom sin rett til medverknad vert teken alvorleg. Ungdom under 18 år har ikkje stemmerett ved val og det er derfor særskilt viktig at vår stemme vert høyrd gjennom andre ordningar. Ungdom engasjerer seg, men har ikkje nødvendigvis teke stilling til politisk ståstad. Me har ofte andre synspunkt enn andre valde organ. Utan lovfesting vil det verta vanskeleg å sikre at alle får like moglegheiter. Me har rett til å uttale oss i saker som vedkjem oss. Hardanger Ungdomsråd meiner det er viktig og etterlengta med eit felles reglement for kommunane når dei organiserer ungdomsråd/ungdommens kommunestyre. Dette sikrar like vilkår for alle. For at ungdom sin rett til medverknad skal sikrast, må dette lovfestast. Me stiller oss uforståande til at det skal være viktigare å lovfeste eldre sin medverknad enn ungdom sin medverknad. Hardanger Ungdomsråd støtter derfor ikkje Kommunal- og moderniseringdepartementet sitt framlegg til endring i Kommuneloven §10B.

HU-sak 09/16**Aktuelle saker:**

Hu diskuterte samferdsel og arbeid rundt NTP og RTP og tek det med seg vidare i eigne råd

HU-sak 10/16**Aktivitetshelga 2016**

Timo Knoch la fram planane for Aktivitetshelga 2016.

Dato for arrangementet er 10.-11. september 2016

Alle ungdomsråda vert oppfordra til

- å prioritera søknad om økonomisk stønad til Aktivitetshelga på kr 10.000
- å ha ein vaksen kontaktperson frå sitt råd/sin kommune til å ta imot påmelding lokalt og svara på spørsmål om arrangementet.
- å vera ambassadørar for arrangementet og få påmelding.

Vedlagt er presentasjon frå Timo.

HU-sak 11/16**Hardanger Ungdomsting 2016**

3. november 2016 skal det vera nytt Hardanger Ungdomsting i Kvam.

Kva tema det skal vera på dette tinget vart drøfta på møte 25.11.2015.

Vedtak:

Tema på Hardanger Ungdomsting 3. november 2016 :

- ❖ Lære om møtestruktur/ Møteform
- ❖ Asylpolitikk

HU-sak 12/16**Orienteringssaker**

- **HU på fylkestinget**

Korleis var det å vera på fylkestinget?

Ungdommens fylkesting: Leiari i Ulvik Alma Thorbjørnsen var einaste frå Hardanger på Ungdommens fylkesting. Det var svært lærerikt, og ho er imponert over møtestruktur der. Dette vil ein ha meir av i Hardanger Ungdomsråd.

Hordaland fylkesting: Når det gjeld opplevinga av å ta del på Hordaland fylkesting så var det ein god erfaring. (8.mars var ein dag med mange helsingar, ungdommen opplevde det som noko ustrukturert. Ellers har saka om Tannhlesestruktur vore ein suksess og god læring.

- **Hardanger.com**

Vart ikkje tid til å gå inn på den. Tek det opp att.

- **Ungt Entreprenørskap**

Kva erfaringar har de med Ungt Entreprenørskap i Hardanger?

Ungdommen er lite kjent med dette, kun erfaring frå Vgs . Dette vil me ta opp med leiari i UE i Hardanger. Gjerne be om at dei kjem på rådmøte og informerer.

HU-sak 13/16**Informasjon om arbeid frå den einskilde
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger**

ULVIK: Ung jobb vert grunnlagt i Ulvik frå sommaren 2016, Nesten alle vil arbeida . Dette skal starta som eit prøveprosjekt .

Lan var ein stor suksess igjen.

Har arbeidd mykje med sakene Tannhlesestruktur og Lovvfesting av ungdomsråd.

GRANVIN: 2 i styret har hatt ein presentasjon på seminar om rus, stor arbeid og tidkrevjande å arrangera dette seminaret.

Kommunesammenslåing har også vore mykje på dagsorden.

KVAM : Handsamar reguleringsplanar. Skal også ta del i arbeid om utarbeiding av ny ruspolitisk handlingsplan. Arbeider mykje med kommunale saker som med boligbygging, tilretteleggar for uteareal mm

ULLENSVANG: Ungdomsrådet har delteke på folkemøter.

Har teke del i utarbeiding av ny ruspolitisk handlingsplan. Er opptekne av å få behalda 15 års aldersgrense på bygdedansar. Dei vaksne vil setta opp aldersgrensa, det vil ikkje unngdomsrådet. Til helga er det rusfri dans på NÅ.

16. åringane får stemmerett ved folkerøystinga om kommunereform etter ønskje frå unngdomsrådet. Ungdomsrådet har også arbeidd for at folk skal få stemma pr post.

16. mai arrangementet er i rute, og er like populært. Eit unngdomsarrangement i Kinsarvik som tiltrekker seg 350-400 deltakarar frå nesten alle Hardanger kommunane

Referat av Trude Lægreid Rinaldo



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med øye for framtid!

MEIERIET: Ordforerar og viceordforerar fra alle Hardangerkommunene innanfor Endepunkt var møtt fram for å trøe på spennende og interessante deltagarar. Det engasjerte ungdommene spørte om følgje målsetningar til nærmest kommune, og kva som er viktig med alle dei kommune kompetansane etter et eventuelt sammenslåing.

• Stille politikarane spørsmål om ny kommunestruktur

Ungdomsting i Odda

Hardanger Ungdomsting var torsdag samla på Meieriet kulturhus, der ny kommunestruktur var eitt tema.

ERNST OLSEN
medlem av Hardanger Ungdomsråd

Allie medlemmar på ungdomstinga i det nye kommunen skal ha til Odda. Mete vart avsagt i regi av Hardanger Ungdomsråd.

ULLENSVANG UNGDOMSRÅD: Alle viktige del av kommunen skal ha til Odda.

ORIENTERTE: Bjørnar Dagstad orienterte om ressursene vi hadde til disposisjon.

ENGASJERTE: Sindre Vik (t.v.) og Aleksander Kolsmo.

KLARTE FALT: Etter falt, sa han.

MÅLT: Et målsetning er å få gruppene til å få et godt utgangspunkt til å kunne arbeide vidare med å løse saker i kommunen.

MÅLT: Et målsetning er å få en kommunestruktur som er tryggt for alle innbyggjarar i Hardanger.

GROPPEN: Deltakarane ville også diskutere om det er riktig med å ha en sentralisert ungdomskule i Hardanger.

IGJEG: Spørte Sindre Vik om kommunestruktur, men ikke om det var god å ha et stort og stabielt svarer, snarere Vangen.

MÅLT: Et målsetning er å få en kommunestruktur som er tryggt for alle innbyggjarar i Hardanger.

GRUPPEN: Deltakarane ville også diskutere om det er riktig med å ha en sentralisert ungdomskule i Hardanger.

VI MÅ: Klausur sitt på engasjementet til ungdommen, og vise hvordan ungdomskulturen vil bli sikret på den store utfordringa med kommunestruktur.

VILLE: Være viktige til å få ungdommen til å føle seg godt i sin nye kommune.

AGNE: Agnes Berens kom fra Ungdommens fylkesutvalg, ho var imponert av både engasjement og at så mange kom på Hardanger Ungdomsting.

INGVILD: Ingvild Winters fra Ulvik herad.

AGNE: Agnes Berens kom fra Ungdommens fylkesutvalg, ho var imponert av både engasjement og at så mange kom på Hardanger Ungdomsting.

ELISABETH: Elisabeth W. Hauge ønska alle velkommen til Odda.

HARDANGER UNGDOMSTING
Torsdag 05.02.2015
Klokka: 09.00 – 14.00
Meieriet kulturhus i Odda

Hardanger Ungdomsting er komen for å bli. Til Odda kom det 42 ungdommar frå heile Hardanger og ordførarane stillte mannsterke. Dagleg leiar i Hardangerrådet, Leiv Vambheim var møteleiar og innleia om arbeid med og for Hardanger. Det var etter at me hadde hørt opptak frå morgensendinga i NRK radio Hordaland, der Sindre Vik ,nestleiar frå Granvin herad vart intervjua på bussen på veg til Odda, og varaordførar Elisabeth W. Hauge ønska alle velkommen til Odda. Bli kjent var eit hovudformål denne dagen, å bygga nettverk. Til dette hadde me utvalgte aktivitetar som Katrine Garen og Cecilie Øydvin leia saman med Ingvild Winters frå Ulvik herad. Agnes Berens kom frå Ungdommens fylkesutvalg, ho var imponert av både engasjement og at så mange kom på Hardanger Ungdomsting. Kommunestruktur vart innleia av koordinator Bjørnar Dagstad. (Presentasjonen er vedlegg.) Ordførarane stillte som panel og fekk mange interessante og direkte spørsmål frå ungdommane, som sjølv sagt lurar på kva dette vil ha å seie for framtidia til ungdommen i Hardanger. Spørsmål frå salen var til dømes:

- Kva er forskjellane mellom den nye storkommune og i dag?
- Skulen, ungdomskulen kva vil skje med dei ulike skulane?
- Vert det ein ungdomskule i ein ny kommune?
- Tenker ein at nære tenster vert sentralisert?
- Vert kommunane fattigare, når dei endrer økonomien for små kommunar
- Vert ressursane oppretthalde i begge alternativa,Nord og Sør, for Ullensvang herad?
- Kva skjer med tenester dersom ein vert slått saman med Voss kommune, blir ungdomskulane flytta frå Hardanger til Voss?
- Er det fortsatt snakk om ein stor Hardangerkommune?

"Stemmerett for 16 åringer?" vart også drøfta etter innleiing ved Toralv Mikkelsen. Ungdommen på tinget er delte i synet om ja eller nei, og dei hadde mange gode argument både for og imot.

Takk til alle for ein strålande dag! Referent Trude L. Rinaldo



Oppsummering frå verkstad på

Hardange Ungdomsting



Økt 1: Kvifor, lyst til å få til, utfordringar




Kvifor
Vil ha noe å seie lokalt
Da hørtes interessant ut
Påverke politikken
Litt kjekt å prøve noko nytt
Det virka interessant å ve med UR, ve med å bestemme
Eg ville vere med å engasjere meg
Engasjere, ha innflytelse på ungdomspolitikk
Fordi det virka kjekt

Fordi eg kan påverka
Fordi eg ville gjera noko med skysstilbodet
Fordi eg ville lære meir om politikk
For å påverka politikken
Følgja med i politikken i samfunnet
Politisk interessert
Meir aktivitet og fritidstilbod for unge
Bidra og medverka i lokalpolitikken
Få større sjanse til og få si meiningsa. Verte høyrt
Høyrest kjekt ut og vere med i ungdomsrådet

Lyst til å få til
Innflytelse på lokale saker som angår ungdommen
Eid fjord – attraktiv plass å bu
Oppretthalde lokale tenester
Oppretthalde og skape nye lokale tilbod for unge
Fleire/ betre idrettstilbod
Betre kollektivtilbod
Oppretthalde eit godt tenestetilbod
Skapa engasjement
Arrangement for ungdom på tvers av bygdene
«Utekontakten» - halde fram med det tilbodet
Ein meir aktiv skulekvardag
Ung jobb
Paintballklubb
Aktiv ungdomsklubb
Få betre tilbod for ungdom!
Få fleire ungdommar sosiale
At alle blir høyrt, ingen dømming
Crossbane, betre psykisk helsevern

Utfordringar
Oppretthalde lokale tenester og tilbod
Få fram meiningsane våre til politikarane
Få nok opplæring
Setje av nok tid til ungdomsrådet
Ha god kontinuitet
Tidkrevjande
Må gjennom mange ledd, få mange med på forslaga
Økonomi
Blir ikkje tatt seriøst
Få alle til å bli høyrt
At ungdommen snakkar til oss, alle blir høyrt
Plukke ut det realistiske. Prioritere det som er viktig og som er greitt å få gjennomført.

Økt 2: Kommunen i dag, ny kommune, utfordringar



Kommunen i dag


Bra i dag	Ikkje så bra
Kulturskuletilbod Stipendtilbod Ungdomskortet + refusjon Idrettstilbod Skulen Fritidstilbod busstilbod	Styrkerommet Lyspærer i ballbingen ballbingen
God barne- og ungdomsskule Ungdomsklubb God idrettsplass Gode turmoglegheiter Godt miljø Gor eldreomsorg God barnehage Tannlege Brannvesen ambulanse	Ikkje noko psykisk helsetilbod Ikkje så bra idrettsmoglegheiter (kun fotball) Økonomi Crossbane (dårleg motorsport) Kommunale vegar Helsestørt tilbod Politi
Fritidstilbod Bra ungdomsarrangement Ungdomsråd	Busstilbod Ferjetilbod Hordatun idrettspark Skulehelsteteneste
Godt og stabilt tilbod knytt til psykisk helse hjå ungdommen Godt vedlikehald av vegar og offentlege plassar i nærmiljøa	Begrensa kollektivtilbod på kveldstid og i helger Dårleg økonomi
Det er trygt Alle kjenner alle Ingen mobbing Godt idrett tilbod Kulturtilbod Variert natur	Vegar Økonomi Fritidstilbod Politikarar har lite engasjement i sakar som angår ungdommen. Dårleg lærartilbod

Ny kommune

Moglegheiter	Utfordringar
Felles ungdomsskule Utvikling	Behalde det gode tilbodet Kulturskuletilbodet Stipendtilbodet Ungdomskortrefusjon Lokalpolitikarar
Fleire vennar, meir sosial Fleire idrettsmoglegheiter Ønske om variert fellesskap for skulen (for vgs)	Meir mobbing Økonomi Kollektivtransport Trygg skuleveg
Kanskje betre økonomi Namn: Ullensvang (60 talet : Eidfjord i Ullensvang)	Færre offentlege tenester i nærområdet Navn
Større fagmiljø Meir solid økonomi	Lange avstandar mellom bygdene Fare for sentralisering
Betre økonomi Betre skuletilbod Betre aktivitets- og fritidstilbod	«Utrygt» Vansklig å fordele jobbar Kor skal u-skulen og småskulen vere? Kor skal sjukeheimen vere? Kven skal behalde jobben som ordførar? Langt mellom bygdene



Hardanger i framtida



Attraktivt utelig
God barnehagedekning
Kulturtilbod
Kunstnarmiljø og kulturskule
Gode helsetenester
Trygge skulevegar
Kvam + Jondal + Odda <3
Arbeidsplassar
Idrett
Lokale vidaregåande skular

God skule + barnehagar
Null mobbing
God SFO
Båthavn
Godt miljø
God helsesøstertilbud
Større og meir sosial ungdomsklubb
Betre brannvesen
Politi
Ungdomshuset meir brukta
Ungdomsskule
Større skule
Bibliotek
Bensinstasjon
4G
Gode vegar

<p>Fiskebrygger</p> <p>SFO</p> <p>UFU</p> <p>Legekontor</p> <p>Fint treningsstudio</p> <p>Strikkecafe</p> <p>Jaktlaget</p> <p>Kulturskulen</p> <p>Museum</p> <p>Gardsbutikken</p> <p>Crossbane</p> <p>Leikeplasser</p> <p>Fisk i havet</p> <p>Bra breiband</p> <p>Fiber</p> <p>Jordbruk</p> <p>Tannklinikkk</p> <p>Sentralt</p> <p>Strand/ brygge/ kai</p> <p>Ungdomsråd</p> <p>Langrenn og alpinanlegg</p> <p>Lokale arbeidsplassar</p> <p>God eldreomsorg</p> <p>Gode idrettsmøgleheter</p>
<p>Betre sikring av Trolltunga. Netting</p> <p>Turisme</p> <p>God økonomi</p> <p>Ferjetilbod</p> <p>Gode skular (lærarar)</p> <p>Busstilbod</p> <p>Skulehelseteneste</p> <p>Eldreomsorg</p>
<p>Gode aktivitets- og fritidstilbod</p> <p>Sosialt samfunn</p> <p>Fleire arbeidsplassar</p> <p>Fleire butikkar (ikkje matbutikkar)</p> <p>Politi og brannvesen og helsevesen</p> <p>Bankar i bygdene</p> <p>Akuttmottak i nærområdet</p> <p>Betre distriktpolitikk</p> <p>Betre fagtilbod</p> <p>Eldreomsorg</p>
<p>Ungdomsskule</p> <p>Hardangervidda tunnell</p> <p>Motorcrossbane</p> <p>Fellesskap</p> <p>Samarbeid mellom kulturskulane</p> <p>Betre vegar i Hardanger</p> <p>Togbane mellom Ulvik og Eidfjord via Simadal (festa til Bergen- Oslo?)</p>

Kahoot



1. Synes du det er viktig at ungdom får medverke i utviklinga av kommunen?

[Hide answers](#)

Ja Nei Veit ikkje



2. Kva er den viktigaste grunnen til at ungdom får medverke?

[Hide answers](#)

Ungdom har viktig kunnskap kommunen treng Alle har rett til å bli høyr Veit ikkje Ungdom har andre prioriteringar



3. Kvar kan kommune og politikarar få høyre ungdom si meining?

[Hide answers](#)

Elevråd Ungdomsråd Veit ikkje Spørje foreldra



4. Ønskjer du å vere med ogleine om kommunereforma?

[Hide answers](#)

Ja Nei Veit ikkje



5. Kva er den viktigaste grunnen til at ungdom bør høyrast om kommunereforma?

[Hide answers](#)

Ungdom er framtida Ungdom har andre prioriteringar Veit ikkje

1. Synes du det er viktig at ungdom får medverke i utviklinga av kommunen?

Ja	Nei	Veit ikkje
21	1	1

2. Kva er den viktigast grunnen til at ungdom får medverke?

Ungdom har viktig kunnskap kommunen treng	Alle har rett til å bli høyrt	Veit ikkje	Ungdom har andre prioriteringar
5	15	1	4

3. Kvar kan kommune og politikarar få høyre ungdom si meining?

Elevråd	Ungdomsråd	Veit ikkje	Spørje foreldra
	25		1

4. Ønskjer du å vere med ogleine om kommunereforma?

Ja	Nei	Veit ikkje
25	1	

5. Kva er den viktigast grunnen til at ungdom bør høyrast om kommunereforma?

Ungdom er framtida	Ungdom har andre prioriteringar	Veit ikkje
23	4	1



Hardangerrådet iks



Vedtekter for Hardanger Ungdomsråd



Godkjende i Hardangerrådet 12.02.2010

§ 1 Mandat, føremål og oppgåver

1.1 Hardanger Ungdomsråd er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i Hardanger.

1.2 Føremål

- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i Hardanger.
- Vera eit forum for utveksling av erfaring i dei kommunale ungdomsråda.
- Å vera orientert om dei viktigaste sakene i Hardanger, gjennom å få tilsendt saksdokument.
- Å vera eit overordna organ for alle ungdomsråda i Hardanger i saker som vedkjem dei unge.
- Setje søkelys på å skapa identitet til Hardanger, og på ungdomsfråflyttinga.
- Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom.
- Tilretteleggja arenaer der ungdom generelt i Hardanger får uttale seg om saker.

1.3 Hardanger Ungdomsråd sine oppgåver er m.a.:

- Å vera ein møteplass for ungdomsråda i Hardanger.
- Å fordele midlar til tiltak av interesse for ungdom.
- Å styrka det samfunnsmessige engasjementet blant born og unge i Hardanger.
- Å skapa møteplassar for ungdom i Hardanger.
- Å etablera ordningar kring arrangement og aktivitetar som vedkjem born og unge.

§ 2 Funksjonstid og samansetjing

2.1 Val

- I Hardanger Ungdomsråd sit medlemmer frå alle ungdomsråda i Hardanger.
- Kvart ungdomsråd skal stilla med leiar som representant og varamedlem møter etter særskild innkalling.

2.2 Konstituering

- Hardanger Ungdomsråd konstituerer seg sjølv, dvs at leiar og nestleiar vert valde av dei unge.
- Sekretærfunksjonen vert lagt til Hardangerrådet sitt sekretariat

§ 3 Kontaktperson

Hardangerrådet oppnemner ein kontaktperson til Hardanger Ungdomsråd. I tillegg til kontaktpersonen er det ynskjeleg at rådsordførar i Hardangerrådet deltek på Hardanger Ungdomsråd sine møter.

3.1 Hardanger Ungdomsråd ynskjer at Kontaktpersonen sine oppgåver er:

- Hjelpe ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontaktnett med kommunane.
- Syrgja for at saksdokument i aktuelle saker vert sendt til medlemmene og varamedlemmene i Hardanger Ungdomsråd minst ei veke før ungdomsrådsmøta.
- Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet.
- Ha ansvar for opplæring.

§ 4 Møteverksemd

4.1 Møte

- Hardanger Ungdomsråd skal ha minst 6 møte pr år. Ellers kan rådet ha møter etter behov. Møta skal gå på omgang mellom kommunane/herada.

4.2 Referat

- Det skal førast referat over Hardanger Ungdomsråd sine møte.

4.3 Sakskunnskap

- Hardanger Ungdomsråd kan invitera politikarar, administrasjon eller andre til rådsmøta for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.

4.4 Møteplan

- Hardanger Ungdomsråd skal setta opp sin egen møteplan for kvart år. Den skal sendast til Hardanger Ungdomsråd sine medlemmer og alle kommunane i Hardanger.

§ 5 Dagsorden

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av referat
4. Statusrapport – økonomi
5. Behandling av saklista
6. Ymse

Årsmelding og rekneskap skal liggja føre og godkjennast på siste møte i skuleåret. Arbeidsplan med saker til oppføljing for neste år, skal leggjast ved protokollen.

§ 6 Val

6.1 Val

- Val av leiar og nestleiar følgjer skuleåret med val seinast 1.oktober.

§ 7 Evaluering av vedtekten

Vedtekten skal takast opp til vurdering av Hardanger Ungdomsråd minst annankvart år, med fyrste vurdering mot slutten av fyrste periode, og godkjennast av Hardangerrådet.